



Spelarane fekk fine diplomar for innsatsen (Foto: Endre Myklebust)

Uskedalen stilte med to lag i fotballturneringa som gjekk føre seg på Kvednabekken på Husnes.

Det eine var for spelarar som var født etter 2001 og det andre for spelarar født i 2000. Det starta som ein kald og litt grå dag, men etterkvart skein det opp og var riktig så fint. Laga spela tre kampar kvar, mot lag frå Rosendal, Trio og Valen. Resultata var så som så, men innsatsen var det ikkje noko å seia på. Alt i alt var nok spelarane fornøgde med dagen, i alle fall etter diplomutdelinga.

Endre Myklebust



Martin Arnesen fyrar av eit skot. (Foto: Endre Myklebust)